


# ♥ Gleda ved å gje er like stor som gleda ved å få



Det nærmar seg jul og dei fleste av oss har det dei treng og endå litt til.

Likevel trur vi at det her i kommunen, som alle andre plassar, kan vere nokon som ikkje har det like bra.

Vi ønsker å nå desse for å kunne bidra - kanskje ei matkasse til jul kan vere til litt hjelp?

Vi hjelper alle - gammal som ung - ingen ønsker er for små eller for store <3

Vi veit det kan vere vanskeleg å ta kontakt sjølve, ta gjerne kontakt gjennom nokon andre du føler deg trygg på. Eller kanskje du kjenner nokon som har ekstra utfordringar?

Det er kjekt å kunne hjelpe akkurat deg litt ekstra i år. Ein anna gong kan det vere du som hjelper nokon andre <3

Vi treng informasjon om eventuelle allergiar og kor mange det er i husstanden. Om det er barn i husstanden er det fint om vi kan få antal og alder på barna.

**Ta kontakt på e-post snarast og innan 6. desember: [frivillig@fjord.kommune.no](mailto:frivillig@fjord.kommune.no)**

**Vil du bidra? Vipps #741324 eller kontonummer 3905.15.69184**

**Om privatpersonar, lag og organisasjonar eller bedrifter ønsker å bidra med midlar eller anna - ta gjerne kontakt på e-post.**

Midlar som blir til overs, vil bli nytta til påske og i beredskap til innbyggjarar ved spesielle hendingar. «Givarglede» består av representantar for Eidsdal-Norddal Røde Kors, Fjord frivilligsentralar og frivillige. Vi har samarbeid med helse, omsorg og velferd i Fjord kommune og næringslivet. Vi er opptatt av personvern, og dette blir tatt i vare.

**Julehelsing frå sambygdingar som ønsker å gjere ein forskjell** ♥